



Sandøy kommune
6427 Harøy

JONSMARKA

§ 1

Reguleringsområdet er vist i plankart i mål 1:1000, dat. 10.12.95 og regulert til

Pl. b-lova § 25.1 Byggeområde

- a) Bustadhus

Pl. b-lova § 25.2 Landbruksområde

Pl. b-lova § 25.3 Trafikkområde

- a) Køyreveg
- b) Gangveg

Pl. b-lova § 25.4 Friområde

Pl. b-lova § 25.6 Spesialområde

- a) Klimavernsone
- b) Kommunaltekniske anlegg



JONSMARKA

§ 1

Reguleringsområdet er vist i plankart i mål 1:1000, dat. 10.12.95 og regulert til

Pl. b-lova § 25.1 Byggeområde

- a) Bustadhus

Pl. b-lova § 25.2 Landbruksområde

Pl. b-lova § 25.3 Trafikkområde

- a) Køyreveg
- b) Gangveg

Pl. b-lova § 25.4 Friområde

Pl. b-lova § 25.6 Spesialområde

- a) Klimavernsone
- b) Kommunaltekniske anlegg



JONSMARKA

§ 2 FELLESFØRESEGNER

- 2.1 Bygningar skal plasserast innanfor dei viste bygge- og frisiktlinjer. For avstand til nabogrense gjeld § 70 i Plan og bygningslova.
- 2.2 Innanfor frisiktlinene må det ikke setjast i verk tiltak som hindrar sikta.
- 2.3 Kommunen skal ved behandling av byggemeldingar sjå til at bygga får ei utforming som står i stil med kringliggande bygningar. Dette gjeld både form, materialval, farge og utnytting av tomta. Som hovudregel skal det nyttast sal eller valma takform.

§ 3 BUSTADOMRÅDE

- 3.1 Bygningane skal oppførast som frittliggjande med max. 2 etasjar, kjellar eller loft blir i dette høvet rekna som eigen etasje. Gesimshøgda skal vere max 6 meter

På tomt nr. 1 kan det oppførast rekkehus.
- 3.2 Arealet det kan byggast på skal ikke overstige 25% av tomtearealet. BYA = 25 %. På tomt nr. 1 kan teknisk styre godkjenne BYA = 30 %.

§ 4 TRAFIKKOMRÅDE

- 4.1 Fylkesvegen og VEG 1 er teikna med midtline, VEG 2, 3, og 4 er teikna med vegkant/regulert vegbreidd. Mindre forskyving kan skje, men då likevel slik at det arealet som er regulert til veggrunn ikkje blir endra.
- 4.2 VEG 1 blir bygd med køyrebane 3 meter + 0,5 meter skulder på kvar side. (A 2 i vegnormalen)
- VEG 2, 3, og 4 er rekna som fellesavkøyrsløse og bygd med køyrebreidde 3 meter.
- 4.3 Gangvegen mellom tomt nr. 1 og tomtene 2 og 3 kan nyttast til tilkomst veg til t.d. rekkehus på tomt nr. 1

§ 5 FRIOMRÅDE

Teknisk styre kan, i desse områda, tillate tiltak som er med å heve bruksverdien på områda.

§ 6 SPESIALOMRÅDE

- 6.1 Teknisk styre kan godkjenne skjøtseltiltak innan for området avsett til klimavernsone.
- 6.2 Innan for området for kommunalteknisk anlegg kan det anleggast dei tekniske innretningane som er nødvendig for drift av dei tekniske anlegga for feltet.

§ 7 DISPENSASJON

Teknisk styre kan i særlege høve gi dispensasjon frå reguleringsplanen med føresegner. Dispensasjonen må ikke føre til vesentlege fråvik frå reguleringsplan/føresegner

Reguleringsplanen med føresegner er vedteken i kommunestyret i møte den 09.05.96 sak 23/96.

